

## THREE DAYS IN DECEMBER - Dei unge hyllar Kenneth Sivertsen

"*Three Days in December-dei unge hyllar Kenneth Sivertsen*", er eit prosjekt med mål om å løfte fram det fyldige materialet Kenneth Sivertsen har etterlatt seg, til nye generasjonar. Sivertsen var heimehøyrande i Bømlo men av internasjonal størrelse, både som komponist og musikar. Prosjektet skal resultere i ei minnehelg med tre konsertar der alle aktørane er unge, ei blanding av amatørar og profesjonelle og inkluderer musikarar frå regionen. Prosjektet er eit samarbeid mellom Bømlo kulturskule, Griegakademiet, Bømlo kulturhus og den frivillige organisasjonen Remembering Kenneth. Saman vil ein jobbe for nye kontaktar på tvers av kommunegrenser, og stimulere til arbeid med formidling og bevaring av ei nasjonal arv.

### PROGRAM - THREE DAYS IN DECEMBER

#### **Fredag 9.12.2016 - Konsert med Eik i Amfisalen, Moster Amfi**

Eik er ein trio bestående av Gunvald Ottesen, Øystein Heide Aadland og Joakim Vikanes, som vart til i 2015 då dei spelte to utselte konsertar i Kenneth Sivertsen sitt hus. Der hylla dei musikken hans gjennom eigne tolkingar. Under Three Days in December skal dei halda eigen konsert i Amfisalen, Moster Amfi.

Arrangør: Remembering Kenneth og Moster Amfi

#### **Lørdag 10.12.2016 - Dei unge hyllar Kenneth Sivertsen**

Bømlo kulturskule vil i regi av rektor Stein Høyland arbeide med det rikhaldige materialet til Kenneth Sivertsen gjennom hausten. Teater, dans, gitar, stryk og andre grupper vi tolke materialet på sin måte. Under konserten vil dei stå på scena saman med dei tidlegare vinnarane av Kenneth Sivertsen prisen Hanne Bergheim, Arne Kvarven og Roger A. Bukkøy Røksund. Ricardo Odrizola, sivertsenkjennar og representant for Griegakademiet er konferansier.

Arrangør: Bømlo kulturskule, Bømlo kulturhus og Remembering Kenneth

#### **Søndag 11.12.2016 - Griegakademiet presanterer Kenneth**

Studentar ved Griegakademiet arbeider med Kenneth Sivertsen materiale og presenterer si tolking av dette. Konserten vert eit fint møte mellom dei unge elevane frå Bømlo og studentar som har teke eit steg vidare med musikken.

Arrangør: Bømlo kulturhus, Griegakademiet og Remembering Kenneth